

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Etter innspel frå utvalet, stadfesta fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport at «Florø» ville bli endra til «Flora» i vedtakspunkt 1.

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet meiner sykkelbyavtaler er eit formålstenleg verktøy i arbeidet med å legge til rette for syklistar i fylket. Vestland fylkeskommune vil følgje opp dei gjeldande avtalane med kommunane Bergen, Stord, Fjell, Førde og Flora, og prioritere dei sykkeltiltaka partane har vorte samde om.
2. Vestland fylkeskommune skal følgje opp løyvingar om eigenfinansiering i samband med tildeling av midlar gjennom tilskotsordninga for sykkelbytiltak.
3. Vestland fylkeskommune vil vente med å inngå nye sykkelbyavtaler til Statens vegvesen (SVV) har evaluert ordninga.